

AKKREDITERINGS- RAPPORT

**Vedtak om avslag på søknad om
akkreditering av fagskuleutdanninga
Tverrfaglig helseteknologi - kartlegging,
tildeling og oppfølging**
FAGSKOLEN MØRE OG ROMSDAL

2026



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit statleg forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUT har eit eige styre og er fagleg uavhengig i oppgåver som gjeld akkreditering, tilsyn og evalueringar for å vurdere kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. I tillegg har NOKUT forvaltningsoppgåver på vegner av departementet.



Føremålet med verksemda til NOKUT er å sikre og fremje kvalitet i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og å stimulere til kvalitetsutvikling som sikrar eit høgt internasjonalt nivå i utdannings-tilboda ved institusjonane. NOKUT sine føremål og oppgåver er forankra i universitets- og høgskulelova og fagskulelova.



NOKUT skal bidra til at samfunnet har tillit til kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Gjennom arbeidet skal NOKUT søkje å hjelpe institusjonane i kvalitetsarbeidet deira.



NOKUT bruker sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på nokut.no

Institusjon	FAGSKOLEN MØRE OG ROMSDAL
Sakkunnige	Marit Bolstad Tveide og Jorunn Bjerkan
Dato for vedtak	19.06.2026
NOKUTs saksnummer	26/00499



Kva søknaden gjeld

FAGSKULEN MØRE OG ROMSDAL (organisasjonsnummer 827264202) søkte NOKUT 10.02.2025 om akkreditering av *Tverrfaglig helseteknologi – kartlegging, tildeling og oppfølging* som fagskuleutdanning.

Utdanninga er på 30 studiepoeng.

Innhald

1 Vedtak	5
1.1 De kan klage på vedtaket	5
2 Gjennomgang av krava for fagskuleutdanning	6
2.1 Namnet til utdanninga.....	6
2.2 Faginnhaldet og strukturen til utdanninga	7
2.3 Samarbeid med aktørar i arbeidslivet	9
2.4 Overordna læringsutbyteskildring	10
2.5 Avtalar	14
2.6 Opptakskrav.....	15
2.7 Politiattest	17
2.8 Skikkavurdering	18
2.9 Fagmiljø	19
2.9.1 Fagmiljø – krava fagskulen sjølv har fastsett	19
2.9.2 Fagmiljø – dei som er tilsette eller planlagde tilsett.....	22
2.10 Sensorar og praksisretteiarar	25
2.10.1 Kompetansen til sensorane	25
2.10.2 Kompetansen til praksisretteiarane	26

1 Vedtak

Dei faglege krava for akkreditering av *Tverrfaglig helseteknologi – kartlegging, tildeling og oppfølging*, 30 studiepoeng, nettbasert, ved Fagskolen Møre og Romsdal, er ikkje oppfylte. NOKUT akkrediterer derfor ikkje utdanninga.

NOKUT akkrediterer alle fagskuleutdanningar, med unntak av fagskuleutdanningar innan akkrediterte fagområde, jf. lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) § 5 og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskuleforskrifta) §§ 47 og 48.

Vedtaket gjeld utdanninga som er beskriven i søknaden NOKUT fekk 10.02.2025.

1.1 De kan klage på vedtaket

De kan klage på dette enkeltvedtaket til oss. Klagefristen er tre veker etter at de har fått vedtaket. Klaga skal nemne vedtaket de klagar på, og dei endringane de ønskjer i vedtaket. De bør også grunngi klaga.

De kan ikkje klage på vurderingar vi har gjort av det faglege innhaldet i utdanningstilbodet. Det de kan klage på er

- saksbehandlingsfeil, altså at NOKUT ikkje har gjennomført saksbehandlingsprosessen på lovleg måte
- rettsbruksfeil, altså at NOKUT har brukt feil del av regelverket, eller brukt regelverket feil
- feil faktum, altså at NOKUT har lagt til grunn feil faktagrunnlag for vurderinga vår
- maktmisbruk
- urettmessig forskjellsbehandling

Dersom vi held oppe vedtaket trass i klaga, vidaresender vi klaga til klagenemnda for vedtak fatta av NOKUT. Klagenemnda gjer endeleg vedtak. De har rett til innsyn i dokumenta i saka.

Reglane om klage kjem fram av forvaltningslova:

- Klagerett på enkeltvedtak - § 28
- Klagefrist - § 29
- Innholdet i klagen og hvem det skal rettes til - § 32
- Klageinstans - §§ 32 og 33
- Klageinstansens vedtak er endelig - § 28
- Retten til innsyn i dokumentene i saken - § 18

Forholdet mellom NOKUTs vedtak og forvaltningslova, og at de ikkje kan klage på faglege vurderingar, går fram av fagskuleforskrifta § 55.

Sjå også informasjon om NOKUTs klagenemnd i forskrift om enkelte klagenemnder på Kunnskapsdepartementet område kapittel 2.

2 Gjennomgang av krava for fagskuleutdanning

I gjennomgangen av krava fører vi først opp kravet som dokumentasjonen er vurdert opp mot under kvar overskrift, og deretter NOKUTs vurdering.

2.1 Namnet til utdanninga

Krav frå regelverket

Frå fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 tredje avsnitt bokstav a

«Utdanningen skal ha et dekkende navn.»

Kravet er at utdanninga skal ha eit «dekkende namn». Ordlyden i «dekkende namn» tilseier at namnet skal signalisere kva kompetanse studentane har etter å ha gjennomført utdanninga, og at namnet ikkje kan vere så overordna at det ikkje er tydeleg kva som ligg i utdanninga. Namnet til utdanninga må gi mening for potensielle studentar, arbeidsgivarar og samfunnet elles. Men namnet skal ikkje i seg sjølv seie noko om nivået eller lengda på utdanninga, og skal dermed ikkje innehalde ordet «fagskuleutdanning» eller vise til talet på studiepoeng utdanninga er på.

Kravet til namnet til utdanninga må sjåast i samanheng med og spegle læringsutbyttet til utdanninga. Namnet til utdanninga må vere så presist at det ikkje blir forveksla med andre utdanningar som har eit anna nivå eller læringsutbytte. Det betyr at namnet må skilje seg frå namn på eksisterande utdanningar som ligg på eit anna nivå i NKR, og namn på andre fagskuleutdanningar som er vesentleg lengre eller kortare.

Konklusjon

NOKUTs konklusjon er:

- Kravet er ikkje oppfylt

Attgiving frå dokumentasjonen

Namnet til utdanninga er ifølgje søknad *Tverrfaglig helseteknologi – kartlegging, tildeling og oppfølging*.

Vurdering

Dei sakkunnige vurderer at namnet reflekterer innhaldet i læringsutbytebeskrivingane og emna i utdanninga, men at det er forhold ved utdanninga som må endrast for at namnet skal kunne vurderast som dekkande.

Dei sakkunnige påpeikar at det heilskaplege inntrykket av denne utdanninga er at ho er retta mot fagarbeidarar med bakgrunn i helse, sjølv om opptakskravet inkluderer teknisk personell, og at fagskulen har ein veg å gå for å gjera utdanninga tverrfagleg. Inntrykket av at utdanninga primært er helsefagleg blir forsterka av at fagskulen har lagt til dei tre omgrepa «kartlegging, tildeling og oppfølging» i utdanningsnamnet. Dei sakkunnige påpeikar at desse omgrepa ikkje har likt meiningsinnhald for tekniske fagarbeidarar og helsefagarbeidarar i deira respektive yrkesutøving. Utdanninga slik ho er planlagd vil heller ikkje gi teknisk utdanna fagarbeidarar ei tilstrekkeleg opplæring i desse oppgåvene til at dei får ein kompetanse som kan brukast i yrket.

Dei sakkunnige viser vidare til sine vurderingar under 2.2 Faginnhald og struktur, 2.4 Overordna læringsutbyte og 2.6 Opptakskrav. Den samla vurderinga er at namnet ikkje er dekkande for utdanninga.

2.2 Faginnhaldet og strukturen til utdanninga

Krav frå regelverket

Frå fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 tredje avsnitt bokstav b

«Utdanningen skal ha et faginnhold og en struktur som er egnet til at studentene kan oppnå læringsutbyttet.»

Utdanninga skal ha eit faginnhald og ein struktur som er «eigna» til at studentane kan oppnå læringsutbyttet. Ei alminneleg språkleg forståing av «eigna» tilseier at utdanninga skal ha eit innhald og må vere organisert på ein måte som gjer det mogleg for studentane å oppnå læringsutbyttet til utdanninga.

Dei fleste utdanningar er delt opp i emne. Emna skal til saman bidra til at det overordna læringsutbyttet blir oppnådd. Kvant emnes innhald og omfang, og samanhangen mellom emna, må vere fastsett i studieplanen.

For at kravet skal vere oppfylt må faginnhaldet verken vere for snevert eller omfattande til at studentane kan oppnå læringsutbyttet. Vidare krevst det at rekkefølga og samanhangen mellom emne og tema er logisk, og støttar opp under den læringsprosessen studentane skal gå gjennom.

Konklusjon

NOKUTs konklusjon er:

- Kravet er ikkje oppfylt

Attgiving frå dokumentasjonen

Utdanninga er ifølgje søknaden delt opp i følgande emne:

- Innføring i helseteknologi (5 stp.)

- Fra brukerbehov til ny løsning (7,5 stp.)
- Organisasjon og samhandling (7,5 stp.)
- Teknologi, forståelse og anvendelse (5 stp.)
- Fordypningsemne (5 stp.)

Temaa som høyrer til under dei ulike emna blir ikkje referert her, men kjem fram av vedlegga til søknaden om innhaldet og strukturen til utdanninga.

Vurdering

Emna heng godt saman, og i hovudsak tek dei for seg det ein kan forvente at ein har med i ei utdanning på 30 studiepoeng innanfor helseteknologi, for studentar med helsefagleg bakgrunn. Dei sakkunnige vurderer likevel at innhaldet og strukturen ikkje er eigna til at alle studentane kan oppnå læringsutbyttet, slik opptakskravet er sett i søknaden. Studentar med teknisk bakgrunn vil ha utfordringar med å oppnå det skisserte læringsutbyttet.

Dei sakkunnige er samde med fagskulen i at det er behov for ei tverrfagleg utdanning og meir samarbeid mellom ulike fagpersonar når det gjeld helseteknologi. Vurderinga til dei sakkunnige er at utdanninga bør dreiest mot implementering og samhandling, framfor kartlegging og tildeling, viss ho skal vere tverrfagleg i samsvar med opptakskravet. Helsepersonell har ein heilt annan startkompetanse når det gjeld kartlegging og oppfølging av pasientar og brukarar, noko som også er heilt nødvendig for å kunne gjennomføre individuell tilpassing av helseteknologiske hjelpemiddel for ei samansett gruppe. Dette er ikkje dekt i utdanninga eller yrkesutøvinga for teknisk personell, og vil gjere at studentane kjem inn med for ulike startkompetansar. Sjå også vurderingane under 2.4 Overordna læringsutbytte og 2.6 Opptakskrav.

Dei sakkunnige påpeikar at faginnhaldet er ambisiøst og at det for enkelte av emna er tema som verkar mindre sentrale for ei utdanning på nivå 5.1 i NKR. Somme tema i faginnhaldet verkar uklare, som design og innovasjon, tenestedesign og dessutan kreativitet og innovasjon. Det kjem ikkje tydeleg fram kva desse temaa skal innebere, eller korleis dei er forankra i læringsutbytta og det andre innhaldet i utdanninga. Dei sakkunnige tilrår fagskulen å gå gjennom faginnhaldet for å sikre at det er mogleg å gjennomføre og oppnå læringsutbyttet i utdanninga.

Dei sakkunnige påpeikar at faginnhaldet blir vurdert som godt og at strukturen er grei, for studentar med helsefagleg bakgrunn. Men samla sett er kravet likevel ikkje oppfylt fordi faginnhaldet ikkje støttar opp under at alle studentane kan oppnå læringsutbyttet.

Tilrådingar

Dei sakkunnige har nokre innspel til faginnhaldet som kan bidra til å stramme opp strukturen, dersom fagskulen vel å gjere endringar i utdanninga:

- Etikk burde få ein større plass og inngå i emne 2 *Fra brukerbehov til ny løsning*.
- Fagskulen bør innlemme samtykkekompetanse i faginnhaldet.
- Endringskompetanse blir forstått som tilhøyrande organisasjonsemne og bør flyttast frå introduksjonen til emnet *Organisasjon og samhandling*.
- Delar av *Teknologi, forståelse og anvendelse* kan vurderast å bli inkludert i introduksjonsemnet, då fleire av temaa innanfor dette emnet er grunnleggande for yrkesutøvinga på dette området.

2.3 Samarbeid med aktører i arbeidslivet

Krav frå regelverket

Frå fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 første avsnitt

«Fagskolen skal samarbeide med aktører i arbeidslivet for å sikre at utdanningens læringsutbytte er relevant for ett eller flere yrkesfelt.»

Ordlyden i kravet viser til at utdanninga skal vere yrkesretta, og stiller krav til formålet med samarbeidet mellom fagskulen og aktører i arbeidslivet. Kravet må tolkast i lys av fagskulelova § 4 første avsnitt andre setning, som seier at fagskuleutdanning skal gi kompetanse som kan takast i bruk for å løyse oppgåver i arbeidslivet utan ytterlegare opplæringstiltak.

Også i forarbeida til fagskulelova er det gitt uttrykk for at fagskuleutdanningar skal svare til behov i arbeidsmarknaden. Fagskuleutdanning skal dermed vere ei avslutta og sjølvstendig utdanning med opplæring i spesifikke ferdigheiter, som skal kunne takast i bruk for å løyse konkrete oppgåver i arbeidslivet utan ytterlegare opplæringstiltak. Samarbeidspartnarane må vere relevante for å kunne sikre at utdanninga kan takast i bruk i arbeidslivet.

Fagskulen må i søknaden vise at dei har planar om regelmessig og systematisk samarbeid med arbeidslivet. Det sentrale er at samarbeidet bidreg til at utdanninga er relevant for minst eitt yrkesfelt. Det er ikkje tilstrekkeleg at enkeltpersonar i fagmiljøet har uformell kontakt med representantar for yrkesfeltet. Samarbeidet med arbeidslivet bør handle om utvikling, gjennomføring og evaluering av utdanninga.

Konklusjon

NOKUTs konklusjon er:

- Kravet er oppfylt.

Attgiving frå dokumentasjonen

I søknaden oppgir fagskulen at han samarbeider med desse aktørane i arbeidslivet:

- Kristiansund kommune
- Ålesund kommune
- DIGI Møre og Romsdal
- ALV
- Helseinnovasjonssenteret (HIS)

Fagskulen har levert samarbeidsavtalar for dei nemnde aktørane og beskriv å ha drøfta faginnhaldet i utdanninga og korleis studiet skal byggjast opp. Fagskulen har ei prosjektgruppe med faste møte med

aktører frå arbeidslivet, som har gitt råd og rettleiing når det gjeld tema, behov frå arbeidslivet, fagleg innhald og gjennomføring av utdanninga.

Det går fram at fagskulen har samarbeidd om utviklinga av utdanninga og at fagskulen har planar om framtidig samarbeid om utdanninga, med workshops saman med HIS for aktører i arbeidslivet, som vil gi «samla oversikt over heile kompetansebehovet i fylket innan helseteknologi, og dessutan korleis ein best kan få til tverrfagleg samhandling». Fagskulen har også planar om framtidig samarbeid med enkelte av dei namngitte aktørane om evaluering og rettleiing av innhald og gjennomføring, studentbesøk og som gjesteforelesarar.

Vurdering

Fagskulen beskriv samarbeid med aktører frå yrkesfeltet i utviklinga av denne utdanninga. Dei sakkunnige vurderer at dei namngitte verksemdene sikrar tilfredsstillande breidd for utdanninga, og at dei kan bidra til å sikre at læringsutbyttet er relevant for yrkesfeltet. Vidare vurderer dei sakkunnige at planane for det framtidige samarbeidet er tilstrekkelege. Samla viser dette at kravet er oppfylt.

Tilråding

Dei sakkunnige påpeikar at dersom utdanninga skal vere for fagarbeidarar med teknisk kompetanse, vil eit samarbeid med arbeidsplassar der desse er representerte også vere formålstenleg. Det kan også vere aktuelt å samarbeide med leverandørsida innanfor helseteknologi.

I søknaden beskriv fagskulen at han planlegg workshop med eit breitt utval av aktører innan helseteknologi og helse- og omsorgssektoren. Dei sakkunnige tilrår at fagskulen held ein slik workshop *før* den utarbeider ein eventuell ny søknad. På den måten får fagskulen eit godt utgangspunkt for å utvikle ei utdanning som er relevant for yrkesfeltet.

2.4 Overordna læringsutbyteskildring

Krav frå regelverket

Frå fagskulelova § 5 første avsnitt tredje setning

«Akkreditert fagskoleutdanning skal være i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.»

Frå fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 andre avsnitt

«Utdanningens læringsutbytte skal være utformet i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), og kvalifikasjonen skal være tilstrekkelig for å utøve yrket.»

Frå fagskulelova § 4a første avsnitt første setning

«Fagskoleutdanning skal ha et innhold og omfang som tilsvarer inntil to års utdanning på fulltid.»

Føresegnene om læringsutbytte stiller krav til korleis læringsutbyttet skal skildrast, og på kva nivå kvalifikasjonane skal vere. Ei læringsutbytteskildring skal skildre kva ein person veit, kan og er i stand til å gjere som resultat av læringsprosessen som skjer gjennom utdanninga, jf. forskrift om NKR og EQF (Det europeiske rammeverket for kvalifikasjonar) § 2 bokstav c.

Læringsutbyttet til utdanninga er styrande for mange andre sider av utdanninga. Det må vere samsvar mellom det overordna læringsutbyttet og namnet til utdanninga, omfang, nivå i NKR, faginnhald og struktur, opptakskrav og fagmiljø. Læringsutbyttet skal vere på nivå 5 i NKR, jf. fagskulelova § 4 første avsnitt første setning. Det må derfor vurderast om læringsutbytteskildringa(ne) er i tråd med NKR nivå 5.1 eller 5.2. Søkaren må i søknaden oppgi kva nivå i NKR utdanninga ligg på. For utdanningar på 90 studiepoeng, eller utdanningar som byggjer vidare på andre fagskuleutdanningar uavhengig av omfang, skal søkaren oppgi det nivået som stemmer best overeins med læringsutbyttet til utdanninga.

Kravet om læringsutbyttet til utdanninga, jf. fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 andre avsnitt, heng tett saman med kravet i fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 første avsnitt om samarbeid med yrkesfeltet, og kravet i fagskulelova om at utdanninga må gi ein kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare opplæring, jf. fagskulelova § 4 første avsnitt andre setning. Det må derfor vurderast om kvalifikasjonen er tilstrekkeleg for å utøve yrket, om utdanninga gir ein kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare opplæring, og om læringsutbyttet er relevant for yrkesfeltet. Læringsutbytteskildringa må vere så fagspesifikk at ho gir meining som ei overordna skildring av kompetansen, og ho kan ikkje liggje for tett på dei generelle formuleringane i NKR. Det må også vere mogleg å vurdere om læringsutbyttet er oppnådd.

Viss fagskulen nyttar karakterar som vurderingsuttrykk, må det vere mogleg å setje karakterar på studentane som speglar kor godt dei meistarar læringsutbyttet. Det må til slutt vurderast om studentane kan oppnå læringsutbyttet med grunnlag i startkompetansen dei kjem inn med (opptakskravet frå utdanninga). Alle studentar som har fullført og bestått utdanninga, skal minimum ha oppnådd det overordna læringsutbyttet til utdanninga. Fagskuleutdanning skal ha eit innhald og omfang som svarer til inntil to års utdanning på heiltid, jf. fagskulelova § 4 a første avsnitt første setning.

Konklusjon

NOKUTs konklusjon er:

- Kravet om at læringsutbyttet skal vere i samsvar med NKR er ikkje oppfylt
- Kravet om at kvalifikasjonen skal vere tilstrekkeleg for å utøve yrket er ikkje oppfylt
- Kravet om omfanget av utdanninga er ikkje oppfylt

Attgiving frå dokumentasjonen

Fagskulen oppgir i søknaden at utdanninga gir utteljing i 30 studiepoeng og ligg på nivå 5.1 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR).

Utdanninga har følgande overordna læringsutbyte:

Kunnskap

Kandidaten:

- Har kunnskap om nasjonale anbefalinger, styrende dokumenter for helseteknologi og kunnskap om gjeldende lovverk og etiske retningslinjer for bruk av helseteknologiske løsnings.
- Har kunnskap om relevante begreper, prosesser og verktøy innen helseteknologi.
- Har kunnskap om ulike former for helseteknologiske løsnings, inkludert velferdsteknologi og digitale løsnings for hjemme oppfølging, med fokus på teknologisk tilrettelegging og helsefaglig oppfølging.
- Har kunnskap om hvordan IKT, elektro og byggetekniske løsnings innen helseteknologi kan tilpasses for å sikre brukervennlighet og driftssikkerhet.
- Har kunnskap om brukermedvirkning og metoder for å kartlegge brukers behov, ressurser og motivasjon for helseteknologiske løsnings i hjemmet, inkludert verktøy for samhandling mellom teknologer og helsepersonell.
- Har innsikt i relasjons- og endringskompetanse, implementerings teori og helseteknologiens rolle i samfunnet.
- Har kunnskap om kvalitetsarbeid og kvalitetssystemer, med innsikt i hvordan teknologiske løsnings kan bidra til forbedret pasientsikkerhet, effektive arbeidsprosesser og kontinuerlig tjenesteutvikling.

Ferdigheiter

Kandidaten:

- Kan anvende relevant lovverk og etiske retningslinjer i tverrfaglig vurdering og implementering av helseteknologiske løsnings for ulike brukergrupper.
- Kan holde seg faglig oppdatert på helseteknologi gjennom tverrfaglig samarbeid og kunnskapsbasert praksis.
- Kan i samarbeid med ulike faggrupper sikre at brukerperspektivet er ivaretatt og tilpasset den enkeltes behov, ved anskaffelse og bruk av helseteknologiske løsnings.
- Kan anvende relasjons- og endringskompetanse og i møte med ulike brukergrupper og deres pårørende.
- Kan reflektere over egen faglig utøvelse innen kartlegging, tildeling og oppfølging av helseteknologiske hjelpemidler.
- Kan anvende ulike kartleggings verktøy og bidra til implementering, evaluering og videreutvikling av helseteknologiske løsnings gjennom samhandling mellom helse- og teknologifaglige aktører.

Generell kompetanse

Kandidaten:

- Kan veilede og trygge brukere og pårørende i bruk av helseteknologi for å fremme mestring og selvstendighet.
- Kan anvende metoder for utvikling og forbedring av helsetjenester gjennom innovasjon og tverrfaglig samarbeid.
- Har forståelse for etiske dilemma og personvern knyttet til bruk av helseteknologi og kan ivareta brukerens rettigheter.
- Kan samarbeide og bygge relasjoner på tvers av fagområder for å utvikle en helhetlig tjenestemodell ved bruk av helseteknologiske løsninger.
- Har utviklet en etisk grunnholdning i møte med bruker og pårørende for å ivareta deres behov.
- Kan bruke ulike helseteknologiske løsninger og har innsikt i hvordan de fungerer og påvirker tjenestene.
- Har utviklet forståelse for fagarbeideres rolle, myndighet ved anskaffelser, drift og forvaltning knyttet til helseteknologiske løsninger.

Vurdering

Fagskulen har overordna læringsutbyteskildringar som til ei viss grad er konkrete og dekkande for utdanninga. Dei sakkunnige påpeikar at dei skisserte læringsutbyta ikkje er tverrfaglege heile vegen gjennom, og at dei ikkje tek høgd for at studentane kjem inn med til dels veldig ulike kompetansar. Til dømes vil studentar med teknisk bakgrunn ha utfordringar med å oppnå dei følgjande læringsutbyta:

- Har kunnskap om brukermedvirkning og metoder for å kartlegge brukers behov, ressurser og motivasjon for helseteknologiske løsninger i hjemmet, inkludert verktøy for samhandling mellom teknologer og helsepersonell.
- Har kunnskap om kvalitetsarbeid og kvalitetssystemer, med innsikt i hvordan teknologiske løsninger kan bidra til forbedret pasientsikkerhet, effektive arbeidsprosesser og kontinuerlig tjenesteutvikling.

Desse læringsutbyta føreset, ifølgje dei sakkunnige, at dei med teknisk kompetanse også har ein viss kompetanse i kartlegging og forståing for ulike helsesituasjonar og sjukdomskompleks, og det vil vere vanskeleg å oppnå som berre ein del av ei utdanning på 30 studiepoeng.

Dei sakkunnige er også i tvil om dei med teknisk bakgrunn kan oppnå tilstrekkeleg etisk refleksjon rundt kva som er rett utstyr for brukaren og andre etiske dilemma, som til dømes personvernmessige forhold. Dei sakkunnige påpeikar at det er eit skilje mellom etiske vurderingar knytt til ein meir generell yrkesetikk og personvern, og ein fagleg fundert etikk knytt til det relasjonelle og individnære. Med det omfanget utdanninga har, er det ikkje realistisk å oppnå eit nivå av etisk refleksjon som er i tråd med læringsutbyta.

Dei sakkunnige vurderer også at det for studentar med helsefagleg bakgrunn vil vere utfordrande å oppnå det følgjande læringsutbytet:

- Har kunnskap om hvordan IKT, elektro og byggetekniske løsninger innen helseteknologi kan tilpasses for å sikre brukervennlighet og driftssikkerhet.

Dei sakkunnige understrekar at helsefagleg personell har behov for å oppdatere kompetansen sin på dei helseteknologiske løysingane, men at kunnskapen bør gå meir på teknologiforståing, datatryggleik og driftstryggleik i tenesta.

Omfanget er ikkje tilstrekkeleg med noverande opptakskrav. Dersom dette berre hadde vore ei utdanning for helsefagarbeidarar, vurderer dei sakkunnige at læringsutbyta er oppnåelege, sett bort frå det som er påpeika over. På den måten er ikkje kvalifikasjonen tilstrekkeleg til å utøve yrket slik utdanninga er planlagt no.

Dei overordna læringsutbyteskildringane ligg i hovudsak under dei rette kategoriane (kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse) og er hovudsakleg godt formulert, vurderer dei sakkunnige. Eit av læringsutbyta under ferdigheiter, «Kan holde seg faglig oppdatert på helseteknologi gjennom tverrfaglig samarbeid og kunnskapsbasert praksis», vurderer dei sakkunnige at heller skulle stått under *Kunnskap* fordi det samsvarer med NKR-deskriptoren «kan oppdatere sin yrkesfaglige kunnskap». Dette læringsutbytet er også utydeleg formulert, ettersom det ikkje går fram om kandidatane skal bli oppdaterte gjennom kunnskapsbasert praksis eller halde seg oppdaterte for å sikre ein kunnskapsbasert praksis.

Det samla læringsutbytet er ikkje i tråd med NKR, då fleire deskriptorar ikkje blir dekte. Dei sakkunnige klarer ikkje å kjenne att tre deskriptorar under kunnskap, og to deskriptorar under generell kompetanse. Mellom anna manglar læringsutbyta som går på bransjekunnskap, kjennskap til yrkesfeltet og å kunne utføre arbeidet etter utvalde målgruppers behov. Dei sakkunnige vurderer at dette er viktige læringsutbytte for denne typen utdanning, og fagskulen har ikkje gitt noka grunngeving for at desse skal utelatast.

Samla sett er den sakkunnige vurderinga at krava ikkje er oppfylte.

2.5 Avtalar

Krav frå regelverket

Frå fagskuleforskrifta § 47 fjerde avsnitt

«NOKUT skal påse at fagskuleutdanningen er i tråd med de internasjonale standarder, konvensjoner og avtaler som Norge er forpliktet til å følge.»

Kravet er berre relevant dersom det finst internasjonale standardar, konvensjonar eller avtalar som har noko å seie for den aktuelle fagskuleutdanninga. Det må vurderast konkret om det finst eit internasjonalt regelverk som har noko å seie for kvar enkelt fagskuleutdanning. Det som krevst er at fagskuleutdanninga er «i tråd med» det relevante internasjonale regelverket.

Ei alminneleg språkleg forståing av «i tråd med» tilseier at det sentrale er at fagskuleutdanninga ikkje har eit innhald som strir mot eller ikkje er i samsvar med det internasjonale regelverket. Det må derfor vurderast om det er noko ved utdanninga som ikkje er samsvarande med ein internasjonal avtale, konvensjon eller standard.

Konklusjon

Kravet er ikkje aktuelt for denne utdanninga.

2.6 Opptakskrav

Krav frå regelverket

Frå fagskuleforskrifta § 7 første avsnitt, fjerde avsnitt første setning og femte avsnitt første setning

«Kvalifisering for opptak (1) Opptak til fagskoleutdanning krever enten relevant fag- eller svennebrev, treårig yrkesfaglig opplæring eller generell studiekompetanse [...], eller tilsvarende realkompetanse. (4) Styret selv kan stille spesielle opptakskrav som er relevante for fagskoleutdanningen. (5) Styret selv kan i tillegg stille opptakskrav om fullført og bestått fagskoleutdanning til fagskoleutdanninger.»

Bestemminga stiller krav til kva opptakskrav fagskulen kan stille for utdanningar. Fagskuleopptak er regulert i fagskulelova § 16. Fagskuleforskrifta § 7 presiserer kvalifiseringskravet i fagskulelova. Det er presisert i det første avsnittet til føresegna at opptak til fagskoleutdanning krev enten relevant fag- eller sveinebrev, treårig yrkesfagleg opplæring eller generell studiekompetanse, eller tilsvarende realkompetanse. Innanfor desse rammene er det fagskulen sjølv som bestemmer kva opptaksgrunnlag som gjeld for dei utdanningane han tilbyr. Dette skal vedtakast i forskrift, jf. fagskulelova § 16 fjerde avsnitt, og skal også stå i studieplanen, jf. fagskuletilsynsforskrifta § 2-1 femte avsnitt.

I studieplanen er opptakskravet gjerne presisert meir i detalj enn i forskrifta. Opptakskravet må oppgi kva som er det generelle opptakskravet til studiet, det vil seie til dømes å oppgi dei aktuelle fagbrev som gir opptak. Vidare må opptakskravet sjåast i samanheng med dei overordna læringsutbyteskildringane, innhaldet og omfanget av utdanninga. Det må vurderast om det er realistisk at studentane kan no det overordna læringsutbytet innanfor det oppgitte omfanget (studiepoeng) for utdanninga med opptakskravet som er gitt.

Opptakskravet skal også innehalde føresegner om realkompetansevurdering i tråd med fagskulelova § 16 og fagskuleforskrifta § 7. Realkompetanse er definert i fagskuleforskrifta § 2 bokstav b som «dokumentert kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse tileigna uavhengig av læringsarena, gjennom formell, ikkje-formell uformell læring». Opptak på grunnlag av realkompetanse føreset ein tilsvarende kompetanse som det generelle opptakskravet til utdanninga. I utgangspunktet er det berre søkarar som er 23 år eller eldre i opptaksåret som kan takast opp på grunnlag av realkompetanse, jf. fagskulelova § 16 andre avsnitt første setning. Det kan likevel givast unntak frå alderskravet for kunstfaglege skuleutdanningar, jf. fagskuleforskrifta § 8, jf. fagskulelova § 16 andre avsnitt.

Styret til fagskulen kan stille spesielle opptakskrav som er relevante for fagskoleutdanninga, jf. fagskuleforskrifta § 7 fjerde avsnitt. Det spesielle opptakskravet må vere «relevant» for den konkrete utdanninga. Med spesielle opptakskrav siktar ein til «krav om bestemde fag,

fagbrev, sveinebrev, karakterar, poeng, opptaksprøver, arbeidserfaringar, autorisasjonar, sertifiseringar eller andre yrkesgodkjenningar», jf. fagskuleforskrifta § 7 fjerde avsnitt andre setning. Lista er uttømmende, og fagskulen har ikkje har høve til å stille andre spesielle opptakskrav enn dei som er lista opp.

Dersom fagskulen har sett spesielle opptakskrav for utdanninga, må det komme tydeleg fram kva som krevst av søkerane. Dersom ei utdanning har opptaksprøve som spesielt opptakskrav, må fagskulen fastsetje kor stor vekt opptaksprøva skal tilleggjast, jf. fagskuleforskrifta § 18. I samsvar med fagskuleforskrifta § 7 tredje avsnitt kan realkompetansevurdering ikkje gjennomførast for spesielt opptakskrav i form av yrkesgodkjenning, autorisasjon eller sertifisering etter anna lovgiving med grunnlag i fagskuleforskrifta § 7 fjerde avsnitt.

Konklusjon

NOKUTs konklusjon er:

- Formelle opptakskrav er ikkje i tråd med regelverket
- Beskriving av realkompetansevurdering er i tråd med regelverket

Attgiving frå dokumentasjonen

Utdanninga har ifølge søknaden følgande opptakskrav: «(...) søkere med fagbrev/svennebrev innen helsefag eller tilsvarende (hjelpepleier eller omsorgsarbeider), barne- og ungdomsarbeid, ambulansarbeid, IKT og service, byggdrift, automatisering, elektronikk, og fagbrev som elektrikere opptas. Fagbrev i nærliggende fag kan være aktuelle inntakskriterier (...)».

Fagskulen skriv også at søkerar med realkompetanse kan takast opp til utdanning: «Kompetansen til søkeren blir vurdert opp mot de gjeldende læreplanmålene i videregående opplæring innen det relevante programområde. En slik vurdering vil ta hensyn til søkers helhetlige kompetanse gjennom samtale, egenrevisning, og vurdering av innsendt dokumentasjon. Søkere må dokumentere kompetanse i felles allmenne fag som svarer til nivå 4 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR). Vedtak om godkjent realkompetanse vil kun være gyldig i henhold til studiet slik det gjennomføres på vurdering tidspunktet.»

Vurdering

Dei sakkunnige vurderer at opptakskravet er delvis relevant for ei fagskuleutdanning i helseteknologi, og at føresegnene om realkompetanse er i tråd med regelverket.

Dei sakkunnige vurderer at det ikkje er samanheng mellom opptakskravet, læringsutbyttet til utdanninga og faginnhald, og viser til vurderingane gjort på desse punkta. Startkompetansen hos studentane vil vere for ulik, og studentar med teknisk bakgrunn vil ikkje kunne oppnå fleire av læringsutbyta.

Samla viser dette at krava ikkje er oppfylte.

Tilråding

Vurderinga til dei sakkunnige er at det er utfordrande å få til ei tverrfagleg utdanning som sørgjer for at studentar med ulik startkompetanse kjem ut med lik sluttkompetanse. Derfor foreslår dei sakkunnige at fagskulen vurderer å avgrense opptak til helse- og oppvekstfaglege fagbrev, og beheld utdanninga slik ho er skissert i søknaden, med dei justeringane i faginnhald og læringsutbytte som er påpeika i denne rapporten. Alternativt foreslår dei sakkunnige at fagskulen lagar to løp, som er tilpassa høvesvis dei med helsebakgrunn og dei med teknisk bakgrunn, og legg til rette for tverrfaglege sesjonar mellom gruppene.

2.7 Politiattest

Krav frå regelverket

Frå fagskulelova § 27 første og andre avsnitt

«I utdanninger der studenter kan komme i kontakt med mindreårige som del av klinisk undervisning eller praksisstudier, skal fagskolen kreve at studentene skal legge frem politiattest som omtalt i politiregisterloven § 39 første ledd. Fagskolen kan kreve politiattest ved opptak eller underveis i slike utdanninger. Hvis det er gitt særlige regler om politiattest for bestemte typer arbeid, gjelder disse reglene tilsvarende for studenter som deltar i praksisstudier eller klinisk undervisning.»

Ifølge ordlyden har fagskulen ei plikt til å krevje politiattest i visse situasjonar. Ordlydforståinga blir støtta av forarbeida. I vurderinga av om det skal krevjast politiattest ved opptak, er det ikkje nødvendig at studenten heilt sikkert vil komme i kontakt med mindreårige. I forarbeida til fagskulelova er det lagt til grunn at det er tilstrekkeleg at det er ei moglegheit for at studenten, i samband med praksisstudiar eller klinisk undervisning, kan komme i kontakt med mindreårige på ein slik måte at overgrep kan finne stad. Dersom utdanninga ikkje har obligatorisk praksis eller klinisk undervisning, er det ikkje tilgang til å krevje politiattest ved opptak. Dette gjeld også dersom det berre er ei moglegheit for at studenten vel praksisopplæring eller klinisk undervisning i framtida.

Fagskulen kan likevel krevje politiattest frå desse studentane seinare i utdanningsløpet dersom dei skal delta i praktisk eller klinisk undervisning der dei kan komme i kontakt med mindreårige på ein slik måte at overgrep kan finne stad. Politiattest kan berre brukast dersom han bidreg til å auke tilliten til at mindreårige blir tekne hand om av skikka personar, jf. politiregisterloven § 37 første avsnitt nr. 4.

Det er i forarbeida til fagskulelova lagt til grunn at i utdanningar der ein student kan komme i kontakt med utviklingshemma eller andre sårbare grupper, vil vedkommande også kunne komme i kontakt med mindreårige. I forarbeida til fagskulelova går det fram at ein med «praksisstudiar» legg Universitets- og høgskolerådets definisjon til grunn: studiar som «kjennetegnes av at studenten for en tidsbestemt periode befinner seg i en situasjon hvor han eller hun skal arbeide omtrent som en yrkesutøver. Kravene til oppgaver, omfang og utførelse

vil være ulike avhengig av hvor i studieløpet studenten befinner seg. Situasjonen er som oftest kjennetegnet av at praksisstudiene gjennomføres utenfor utdanningsinstitusjonens egen ramme, og at en fagperson på praksisstedet er veileder».

Konklusjon

Kravet er ikkje aktuelt for denne utdanninga.

2.8 Skikkavurdering

Krav frå regelverket

Frå fagskuleforskrifta § 27 første og andre avsnitt

«Skikkethetsvurdering skal foregå ved alle utdanningar der studenten kan utgjøre en fare, jf. § 26. [...] Ved akkreditering av fagskoleutdanning skal det vurderes om fagskolen skal foreta skikkethetsvurderingar for den aktuelle fagskoleutdanningen.»

Frå fagskuleforskrifta § 26

«En skikkethetsvurdering skal avdekke om studenten har de nødvendige forutsetningene for å kunne utøve yrket. En student som i utdanningen eller i fremtidig yrkesutøvelse kan utgjøre fare for liv, fysisk og/eller psykisk helse, rettigheter og sikkerhet til barn, unge eller voksne i sårbare situasjonar, er ikke skikket for yrket.»

Det følgjer av fagskuleforskrifta § 27 andre avsnitt at det ved akkreditering av utdanning skal vurderast om fagskulen skal gjennomføre skikkavurderingar for den aktuelle fagskoleutdanninga. Formålet med ei skikkavurdering er å avdekkje om studentane har dei nødvendige føresetnadene for å kunne utøve yrket, jf. fagskuleforskrifta § 26 første setning. Skikkavurderingar skal gå føre seg ved alle utdanningar der studenten kan utgjere ein fare, jf. § 26, jf. § 27 første avsnitt første setning. I utdanningar der studentane er i kontakt med barn, unge eller voksne i sårbare posisjonar, og kan utsetje deira liv, fysiske og/eller psykiske helse, rettar og tryggleik for fare skal det dermed gjennomførast skikkavurderingar, jf. § 26, jf. § 27.

Sårbare situasjonar kan vere viss studentar har ansvar eller omsorg for eit individ, og der det kan oppstå eit tillitsforhold. Dette kan til dømes vere dersom studentar skal møte sårbare individ som ein del av arbeidsoppgåvene i praksis eller klinisk undervisning. Eit anna døme er dersom studentane er avhengig av kvarandre og sårbare i læringssituasjonen eller yrkesutføringa, mellom anna som kollegaer. Dersom studentar kan utgjere ein slik fare, må det gjennomførast skikkavurdering, jf. § 27 første avsnitt første setning. Det er ansvaret til fagskulen å leggje utdanningane til rette for at vurderinga av om ein student er skikka for yrket,

kan gjennomførast innanfor rammene av utdanninga. Læringsformene må dermed vere eigna til å avdekkje kvalifikasjonane til studentane. Det er berre utdanningar definerte i § 27, jf. § 26 som kan underleggjast ei eiga skikkavurdering.

Konklusjon

NOKUTs konklusjon er:

- Kravet er ikkje oppfylt

Attgiving frå dokumentasjonen

Fagskulen har ikkje planlagt skikkavurdering for denne utdanninga.

Vurdering

Dei sakkunnige viser til at sidan fagskulen skisserer at studentane skal jobbe med kartlegging og oppfølging av personar med behov for helsehjelp, så er det rimeleg å tru at studentane i framtidig yrkesutøving kan utgjere fare for liv, fysisk og/eller psykisk helse, rettar og tryggleik til barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar. Dermed må skikkavurdering vere ein del av utdanninga. Kravet er derfor ikkje oppfylt.

2.9 Fagmiljø

2.9.1 Fagmiljø – krava fagskulen sjølv har fastsett

Krav frå regelverket

Frå fagskuletilsynsforskrifta § 2-3 tredje avsnitt

«Fagskolen skal fastsette egne krav til fagmiljøets størrelse, kompetanse og sammensetning»

Fagmiljø er definert i fagskuletilsynsforskrifta § 1-2 bokstav a som «de som regelmessig og direkte bidrar til å gjennomføre, organisere eller utvikle utdanningen eller fagområdet». Det følgjer av fagskuletilsynsforskrifta § 2-3 tredje avsnitt at fagskulen skal fastsette egne krav til storleiken, kompetansen og samansetninga til fagmiljøet. Fagskulen må fastsette egne fagspesifikke krav til kva fagmiljø kvar enkelt utdanning skal ha. Dette gjeld også krav til rollene som fagleg og utdanningsfagleg ansvarleg.

Dei krava fagskulen sjølv fastset, må oppfylle kravet i fagskuletilsynsforskrifta § 2-3 første og andre avsnitt, jf. kapittelet «Fagmiljø – dei som er tilsette eller planlagde tilsett». Det betyr at krava må sikre at storleiken og kompetansen til fagmiljøet står i forhold til talet på studentar og innhaldet og eigenarten til utdanninga. Krava må også sikre at det i fagmiljøet finst personar med utdanning minst på fagskulenivå, utdanningsfagleg

kompetanse og oppdatert yrkesrøynsle. Fagskulen må stille krav til utdanning for fagleg ansvarleg som er relevant for innhaldet og eigenarten til utdanninga.

Vidare må fagskulen stille krav til utdanningsfagleg utdanning for utdanningsfagleg ansvarleg. Sjå elles til utdjuvinga av desse krava til fagmiljøet under kapittelet «Fagmiljø – dei som er tilsette eller planlagde tilsett».

Konklusjon

NOKUTs konklusjon er:

- Krava fagskulen stiller til den fagleg ansvarlege er ikkje i samsvar med kravet i fagskuletilsynsforskrifta.
- Krava fagskulen stiller til kompetansen og samansetninga til fagmiljøet er ikkje i samsvar med kravet i fagskuletilsynsforskrifta.
- Krava fagskulen stiller til den utdanningsfagleg ansvarlege er i samsvar med kravet i fagskuletilsynsforskrifta.
- Krava fagskulen stiller til storleiken på fagmiljøet er i samsvar med kravet i fagskuletilsynsforskrifta.

Attgiving frå dokumentasjonen

Dei sakkunnige viser til kravspesifikasjonen for fagmiljøet der fagskulen oppgir kva krav som er stilte til fagmiljøet til utdanninga. Under «Vurdering» blir gitt att det som har vore utslagsgivande for vurderinga.

Vurdering

Fagleg ansvarleg

Fagskulen stiller krav om at fagleg ansvarleg har «faglig utdanning innen en fagretning tilhørende fagområdet eller tilsvarende utdanning på bachelornivå» og «pedagogisk utdanning (PPU/PPF) (påstartet innen 3 år etter ansettelse)». Dei sakkunnige vurderer at utdanningsbakgrunnen må spesifiserast tydelegare, slik at dei kan vurdere om utdanningsbakgrunnen er relevant for innhaldet og eigenarten til utdanninga. Formuleringar som «relevant» og «tilsvarande» blir først meiningsberande i ein kravspesifikasjon når fagskulen har avgrensa fagområdet meir spesifikt. Dei sakkunnige vurderer at krava fagskulen har stilt til fagleg ansvarleg ikkje oppfyller krava i regelverket.

Utdanningsfagleg ansvarleg

Dei sakkunnige vurderer at krava fagskulen har stilt til utdanningsfagleg ansvarleg oppfyller krava i regelverket. Fagskulen stiller krav om at utdanningsfagleg ansvarleg har 60 studiepoeng innan utdanningsfagleg utdanning retta mot vaksne. Dei sakkunnige vurderer at denne bakgrunnen tilfredsstillar kravet om utdanningsfagleg utdanning.

Kompetansen og samansetninga til fagmiljøet

Dei sakkunnige vurderer at kompetansekrava fagskulen har stilt til faglærarane ikkje er tydeleg formulerte. Når krava er utydeleg formulerte, er dei ikkje eigna til å sikre at kompetansen og samansetninga til fagmiljøet vil vere i samsvar med kravet i fagskuletilsynsforskrifta. Krava fagskulen har stilt sikrar at det finst personar i fagmiljøet med utdanning minst på fagskulenivå og med utdanningsfagleg kompetanse, men han stiller ikkje krav om oppdatert yrkesrøynsle. Fagskulen har heller ikkje lista opp kompetansekrav knytt til kvart enkelt emne for at kompetansen best mogleg skal vere tilpassa dei ulike emna. Fagskulen skriv under dei overordna krava til fagmiljøet at det skal finnast undervisarar med utdanning på bachelornivå eller fagskulenivå, og personar med formell kompetanse innan velferdsteknologi.

Dei sakkunnige vurderer at kandidatar med bakgrunn frå IKT, ingeniørfag, helsefag, sosialt arbeid og samfunnsvitarar kan ha kompetanse som er relevant å ha med inn i utdanninga. Dei sakkunnige understrekar at det er viktig med kompetanse på teknologiforståing og det relasjonelle mellom teknologi og bruker.

Det skal også finnast personar med utdanningsfagleg kompetanse (til dømes PPU eller PPF) i fagmiljøet. Fagskulen skriv at det skal vere minst ein person med kompetanse innan nettpedagogikk/teknologistøtta læring i fagmiljøet når studiestad er nettbasert. Fagskulen skriv at han har eit mål om at fleire av lærarane ved skulen har denne kompetansen, og sørgjer også for kompetanseheving ved behov.

Fagskulen har ikkje stilt krav om relevant og oppdatert yrkesrøynsle for nokon av rollene, sidan den fleire stader under omtale av arbeidserfaring bruker generelle formuleringar som «ønskjeleg». Fagskulen må formulere krav til kva yrkesrøynsle(er) som blir vurdert som relevant(e), i tillegg til å seie noko om kor gammal denne erfaringa maks kan vere, for å sikre at nokon i fagmiljøet har ei oppdatert og relevant yrkesrøynsle. Fagskulen kan til dømes sikre dette ved å bruke formuleringa «har utført yrket Y i minst X år dei siste åra».

- Tilråding

Dei sakkunnige tilrår at fagskulen skriv ein kravspesifikasjon med spesifikke krav til utdanningar og erfaringar. Dette er for å sikre at kravspesifikasjonen kan brukast som eit rettleiande dokument viss fagskulen må erstatte personar i fagmiljøet. Då vil kravspesifikasjonen bidra til å sikre ein viss kontinuitet i kompetansen i fagmiljøet. Konkretisering blir også viktig når fagskulen prøver å gjere nybrottsarbeid og kombinere fagfelt. Viss fagskulen definerer kva fagfolk og yrkesbakgrunnar som er aktuelle for undervisarar i dei ulike emna, klargjer det også korleis fagskulen har tenkt om denne utdanninga.

Storleiken på fagmiljøet

Storleiken på fagmiljøet står i forhold til innhaldet og eigenarten til denne utdanninga. Dei sakkunnige vurderer at kravet om talet på årsverk og fagpersonar knytt til utdanninga er tilstrekkeleg for den studentmassen som fagskulen planlegg å ta opp. Fagskulen krev at det skal vere 1 årsverk av fagpersonar for ein studentmasse på 30 personar når utdanninga er i full drift som ei deltidsutdanning.

2.9.2 Fagmiljø – dei som er tilsette eller planlagde tilsett

Krav frå regelverket

Frå fagskuletilsynsforskrifta § 2-3 første og andre avsnitt

«Fagmiljøets størrelse og kompetanse skal stå i forhold til antallet studenter og utdanningens innhold og egenart. I fagmiljøet skal det finnes personer med utdanning minst på fagskolenivå, utdanningsfaglig kompetanse og oppdatert yrkeserfaring. Utdanningen skal ha en

- a. faglig ansvarlig som har ansvar for utviklingen og gjennomføringen av utdanningen. Den faglig ansvarlige skal ha utdanning som er relevant for utdanningens innhold og egenart, og være ansatt i minst 50 prosent stilling ved fagskolen.
- b. utdanningsfaglig ansvarlig med utdanningsfaglig utdanning som har ansvar for å legge til rette for studentenes læring.»

Fagmiljø er definert i fagskuletilsynsforskrifta § 1-2 bokstav a som «de som regelmessig og direkte bidrar til å gjennomføre, organisere eller utvikle utdanningen eller fagområdet». Fagmiljøet kan bestå av fast tilsette, mellombelse tilsette og timelærarar, og dei tilsette kan vere i heiltids- eller deltidstillingar.

Fagskuletilsynsforskrifta § 2-3 første avsnitt første setning beskriv eit overordna krav om at storleiken og kompetansen til fagmiljøet skal stå i forhold til innhaldet i utdanninga og til eigenart og til kor mange studentar som til kvar tid tek utdanninga. Det er ikkje stilt nokon absolutte krav til kor mange personar som må vere del av fagmiljøet.

Det sentrale er at fagmiljøet må bestå av nok personar til at det er mogleg å gjennomføre alle aktivitetane knytt til planlegging, undervisning, tilbakemelding, vurdering og liknande. Kor mange personar som trengst, vil i stor grad avhenge av kor mange studentar som tek utdanninga. Storleiken på fagmiljøet bør også vere robust nok til å tole endringar som til dømes uventa fråvær.

Det blir stilt konkrete krav til kva slags kompetanse personar i fagmiljøet skal ha. Kompetansekrava gjeld for det samla fagmiljøet. Kva kompetanse som skal finnast i eit konkret fagmiljø, krev ei konkret vurdering av mellom anna faginnhald og undervisningsform i utdanninga. Fagmiljøet må ha rett fagleg kompetanse til å kunne gjennomføre opplæring og vurdering i tråd med studieplanen.

Utdanningsforma kan påverke kva kompetanse som er nødvendig i fagmiljøet. Også samansetninga av studentane, og startkompetansen til studentane, kan påverke kva som krevst av fagmiljøet.

I tillegg til det overordna kravet, er det også eit krav i det første avsnittet til føresegna andre setning om at det finst nokon i fagmiljøet med relevant utdanning minst på fagskolenivå, relevant utdanningsfagleg kompetanse, jf. § 1-2 bokstav b, og oppdatert relevant

yrkesrøynsle. Desse krava er relative og må stå i forhold til typen og målgruppa til utdanninga.

Utdanningsfagleg ansvarleg: Kravet i § 2-3 andre avsnitt bokstav b er at den utdanningsfaglege ansvarlege har «utdanningsfaglig utdanning». Med utdanningsfagleg utdanning siktar ein til pedagogisk utdanning. Det blir føresett at det trengst utdanningsfagleg utdanning retta mot læring minst på nivå med vidaregåande opplæring. Kravet er følgeleg strengare enn det som følgjer av definisjonen av «utdanningsfaglig kompetanse» i fagskuletilsynsforskrifta § 1-2. Det er ikkje tilstrekkeleg med berre utdanningsfagleg kompetanse frå relevant undervisningsarbeid eller liknande. Det er tilstrekkeleg at den utdanningsfaglege ansvarlege har ein «generell» pedagogisk utdanning, og det krevst derfor ikkje at utdanninga til personen er tilpassa undervisningsforma på den aktuelle utdanninga i form av stadbasert eller nettbasert utdanning.

Det er tilstrekkeleg at nokon i fagmiljøet har kompetanse knytt til undervisningsforma, jf. fagskuletilsynsforskrifta § 2-3 første avsnitt. Éin person kan fylle rolla som utdanningsfagleg ansvarleg for fleire utdanningar. Det krev likevel at hen har tilstrekkeleg kapasitet til å leggje til rette for læringa til studentane for alle utdanningane. Det krevst ikkje at den utdanningsfagleg ansvarlege har undervisningsoppgåver i utdanningane hen er ansvarleg for, men det vil som regel vere ein fordel for fagskulen.

Fagleg ansvarleg: Det blir stilt krav til at utdanningas fagleg ansvarlege skal ha ei utdanning som er relevant for den aktuelle fagskuleutdanninga. Den som er tilsett i stillinga må både oppfylle kravet fagskulen har sett i kravspesifikasjonen og krava i fagskuletilsynsforskrifta § 2-3 andre avsnitt bokstav a. Personen som har rolla som fagleg ansvarleg skal vere tilsett ved fagskulen i minst 50 prosent stilling på søknadstidspunktet. Dette er grunnlagt i at styret og leiinga i fagskulen skal ha arbeidsrettsleg styring over den fagleg ansvarlege.

Den fagleg ansvarlege må ha kompetanse til å hente inn og kvalitetssikre bidrag frå fagmiljøet og/eller samarbeidsaktørane, slik at hen kan sikre at utdanninga blir utvikla og blir gjennomført på ein måte som er eigna til at studentane kan oppnå læringsutbyttet. Éin person kan fylle rolla som fagleg ansvarleg for fleire utdanningar. Det krev likevel at hen har tilstrekkeleg kapasitet til å utføre oppgåvene og vareta ansvaret som følgjer med rolla for alle utdanningane.

Konklusjon

NOKUTs konklusjon er:

- Tilsetjingsforholdet til fagleg ansvarlege er i samsvar med kravet i fagskuletilsynsforskrifta
- Utdanninga til den fagleg ansvarlege er i samsvar med kravet i fagskuletilsynsforskrifta
- Utdanninga til den utdanningsfagleg ansvarlege er i samsvar med kravet i fagskuletilsynsforskrifta
- Dei sakkunnige vurderer ikkje om fagmiljøet samla sett oppfyller krava til storleik og kompetanse fordi fagskulen ikkje har avklart alle dei som skal tilsetjast

Attgiving frå dokumentasjonen

Dei sakkunnige viser til dokumentet med tabell med oversikt over det planlagde fagmiljøet. Under «Vurdering» blir gitt att det som har vore utslagsgivande for vurderinga

Vurdering

Dei sakkunnige påpeikar at dokumentet «Oversikt over fagmiljø» er vanskeleg å tolke. Fleire av fagpersonane som er lista opp har ikkje faglege bakgrunnar som blir vurderte som direkte relevante for faginnhaldet i utdanninga, og det er ikkje spesifisert kva roller dei eventuelt skal ha i utdanninga. Dei sakkunnige tolkar dokumentet som ei beskriving av fagmiljøet til fagskulen, framfor fagmiljøet til utdanninga. Dei sakkunnige har derfor avgrensa grunnlag for å vurdere fagmiljøet knytt til denne utdanninga.

Kompetansen sett opp mot innhaldet i utdanninga

Dei sakkunnige legg til grunn at fagskulen førebels berre har tilsett fagleg ansvarleg, utdanningsfagleg ansvarleg, ein faglærar, ein pedagogisk ansvarleg og ein nettpedagogisk rettleiar. Ettersom fleire av dei som skal inngå i fagmiljøet enno ikkje er tilsette, kan ikkje dei sakkunnige vurdere om alle i fagmiljøet oppfyller kravet til kompetansen.

Fagleg ansvarleg

Dei sakkunnige vurderer at den fagleg ansvarlege har relevant utdanning. Vedkommande har bachelor i sjukepleie og fleire vidareutdanningar, mellom anna 60 studiepoeng i velferdsteknologi og 30 studiepoeng i helseleiing. Den fagleg ansvarlege er tilsett i 100 prosent stilling, og dei sakkunnige vurderer derfor at minstekravet til stillingsprosent for den fagleg ansvarlege (50 prosent stilling) er oppfylt.

Utdanningsfagleg ansvarleg

Den utdanningsfagleg ansvarlege har ei PPU-utdanning på 60 studiepoeng. Dei sakkunnige vurderer at dette er ei relevant utdanningsfagleg utdanning tilpassa læringa til vaksne.

Kompetansen set opp mot undervisningsforma

Utdanninga er nettbasert, og fagskulen har oppgitt at nokon i fagmiljøet har nettpedagogisk kompetanse i form av utdanning innanfor nettpedagogikk og digital undervisning. Dei sakkunnige vurderer derfor at kompetansen til fagmiljøet står i forhold til eigenarten til utdanninga.

Storleiken på fagmiljøet

Dei sakkunnige vurderer ikkje om fagmiljøet samla sett oppfyller krava til storleik og kompetanse ettersom fagskulen ikkje har avklart alle dei som skal tilsetjast.

2.10 Sensorar og praksisrettlearar

2.10.1 Kompetansen til sensorane

Krav frå regelverket

Frå fagskuletilsynsforskrifta § 2-5

«Sensorene skal ha kompetanse til å vurdere om studenten har oppnådd læringsutbyttet for emnet eller utdanningen.»

Sensorane skal ha ein kompetanse som gjer det mogleg å vurdere om studenten har oppnådd læringsutbyttet for emnet eller utdanninga. Kunnskapen, ferdigheitene og kompetansen til studentane må bli prøvd på ein upartisk og fagleg trygg måte, og vurderinga skal sikre det faglege nivået ved den aktuelle utdanninga, jf. fagskulelova § 21 første avsnitt.

Det er ikkje eit krav at sensorane må vere eksterne, men fagskulelova krev anten ei ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane, jf. fagskulelova § 21 første avsnitt siste setning. Kva kompetanse sensorane skal ha må vurderast opp mot dei oppgåvene sensoren skal ha. Det betyr at det kan vere forskjell på om sensoren gjeld eit enkeltemne eller utdanninga samla sett. For å kunne vurdere om studentane har oppnådd læringsutbyttet må sensorane ha god kjennskap til læringsutbytebeskrivingane.

Sensoren må vidare ha oppdatert fagkunnskap, og kunnskap og kompetanse om yrkesfeltet tilpassa det sensoroppdraget hen skal utføre.

Konklusjon

NOKUTs konklusjon er:

- Kravet er oppfylt.

Attgiving frå dokumentasjonen

Kravspesifikasjonen for fagmiljøet gir informasjon om krava fagskulen stiller til kompetansen til sensorane. Under «Vurdering» blir gitt att det som har vore utslagsgivande for vurderinga.

Vurdering

Dei sakkunnige vurderer at krava fagskulen stiller til kompetansen til sensorane er relevante, men noko generelle og utydelege. Fagskulen krev mellom anna utdanning som fagbrev eller bachelor «innan fagområde som nyttar velferdsteknologiske løysingar» og yrkesrøynsle som er relevant for læringsutbyttet som sensor skal vurdere studenten opp mot. Fagskulen har også sett som tilleggskrav at det er ønskjeleg at vedkommande har praktisk erfaring frå fagfelt som nyttar velferdsteknologiske løysingar eller formell kompetanse innan fagfeltet eller emnet

I tillegg krev fagskulen pedagogisk utdanning (PPU/PPF). Dei sakkunnige påpeikar at dette kravet kan gjere det unødvendig utfordrande å finne sensor, særleg dersom sensor skal vere ekstern. Samla sett blir kravet vurdert som oppfylt

Tilråding

Dei sakkunnige tilrår at fagskulen ved val av sensor fokuserer på sensors faglege og praktiske bakgrunn og hentar inn nokon frå yrkesfeltet. Dei sakkunnige vurderer at sensors vurderingsfaglege kompetanse kan varetakast gjennom opplæring frå fagskulen, framfor formell pedagogisk utdanning

2.10.2 Kompetansen til praksisrettleiarane

Krav frå regelverket

Frå fagskuletilsynsforskrifta § 2-4

«Eksterne praksisveiledere skal ha kompetanse til å veilede og vurdere studentene i praksis.»

Dette kravet er berre relevant for utdanningar med praksis, og stiller krav til dei eksterne praksisrettleiarane. Interne praksisrettleiarar er ein del av fagmiljøet til fagskulen og blir dekt av krava i fagskuletilsynsforskrifta § 2-3. Med «ekstern praksisveileder» blir forstått den rettleiaren studenten har på arbeidsplassen der studentane har praksisen sin. Praksisrettleiaren skal kunne rettleie studentane slik at dei oppnår læringsutbyttet for utdanninga. For å kunne oppnå dette formålet, må praksisrettleiaren kjenne læringsutbytebeskrivinga for den konkrete utdanninga og praksisen. Praksisrettleiaren skal vurdere kompetansen til studentane, og må derfor ha kompetanse i å vurdere, kjenne vurderingskriteria til fagskulen, og forstå karakterskalaen og kva som er godt nok for å bestå praksis.

Konklusjon

Kravet er ikkje aktuelt for denne utdanninga.

Vedlegg: Sakkunnige

NOKUT skal vurdere om søknaden oppfyller krava til akkreditering av fagskuleutdanning, jf. fagskulelova med forskrifter.

NOKUT utnemner sakkunnige som skal vurdere krava i samarbeid med NOKUTs saksbehandlarar, og har stilt krav til kompetansen til dei sakkunnige, jf. fagskuletilsynsforskrifta § 5-3 første og andre avsnitt.

Til vurderinga av denne søknaden har NOKUT utnemnt eit sakkunnig panel med desse medlemmene:

Marit Bolstad Tveide

Tveide er studieleiar for helse- og oppvekstfag på Fagskolen i Agder. Ho er sjukepleiar med mastergrad i helseinformatikk. Tveide har teke studiar innan arbeids-, organisasjons- og leiingspsykologi og dessutan berekraftig økonomi og leiing. Ho er forbeholdningsagent gjennom Helsedirektoratet og Dansk pasientsikkerhetselskab si utdanning. Ho har bakgrunn som sjukepleiar frå kommunehelsetenesta og som tverrfagleg og regional prosjektleiar for innføring av velferdsteknologi og felles kommunal journal. Har erfaring som leiar av koordinerande eining med overordna ansvar for kartlegging og tildeling av tenester, under dette helseteknologi. Tveide har tidlegare vore sakkunnig for NOKUT.

Jorunn Bjerkan

Jorunn Bjerkan er førsteamanuensis ved Nord universitet, og forskar og underviser primært innan e-helse med digital samhandling og pasienttryggleik. Ho er ansvarleg for e-helse som vidareutdanning eller fordjuping i masterstudium i helsevitskap. Ho har også i mange år undervist i bachelorutdanninga i sjukepleie, spesielt innan dokumentasjon, samhandling og leiingsemne, og dessutan praksisemne i kommunehelsetenesta.

Bjerkan har leidd forskingsgruppa E-helse innovasjon og leiing, ei faggruppe for helsetenesteinnovasjon, samhandling og leiing ved fakultet for helsevitskap og sjukepleie. Ho er redaktør for eit vitskapleg tidsskrift: *Nordisk tidsskrift for helseforskning*.

Bjerkan er sjukepleiar med mastergrad innan helseinformatikk og har ph.d. innan helsevitskap med tematikk relatert til brukarinvolvering i systemutvikling med utprøving og vidareutvikling av ei digital samhandlingsløysing for individuell plan som tema. Bjerkan har lang erfaring innan leiing i helsesektoren frå kommunar og sjukehus, som rådgivar for Fylkeslegen i Nord-Trøndelag, og dessutan innan prosjektstyring av innføring av IKT-prosjekt i helsesektoren. Bjerkan har tidlegare vore sakkunnig for NOKUT.



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578, 1327 LYSAKER | [NOKUT.NO](https://www.nokut.no)